

Frivilligheitsåret

2022

i Ål kommune



ÅL KOMMUNE



HALLINGDAL



NORGES
KULTURKOMMUNE
2022
ÅL KOMMUNE



Foto: EHD Media

Helsing frå ordføraren

Initiativ, engasjement og kreativitet kjenneteiknar Ål som lokalsamfunn. Eg er overtydd om at dei mange frivillige i Ål inspirerer oss andre til å sjølv bidra til å skape bulyst og blilyst.

Den dugnadsinnsatsen som vert lagt ned, blir lagt merke til. Når nokon har gode idear, er det lett å få med fleire som medspelarar og samarbeidspartar. Det er ein god kultur for dugnad i Ål, og me som bur her er heldige. Veldig heldige.

I 2022 feirar heile Noreg den frivillige innsatsen. Det er svært fortent og det er viktig. Alle enkeltpersonar som bidreg til å løfte frivillig sektor i Ål, gjer sitt for at lokalsamfunnet vårt vert løfta, at me kjenner at me er ein del av noko større enn oss sjølve, ved å gjera og skape noko saman. Godt samarbeid på tvers, med ideutveksling og der folk bidreg med sine styrkar, kunnskap og erfaring, gjer dette mogleg.

Ål er Ål på grunn av alle medmenneska som gjer ein forskjell for seg sjølv og andre. Det er mykje å vera begeistra og takksam for. Alle frivillige er enormt viktige for liv, folkehelse, meningsfulle dagar og friske fråspark i bygda vår!

Takk til kvar og ein av dykk!

Solveig Vestenfor
ordførar i Ål

Frivillighetsåret 2022

Det som er kalla «Noregs viktigaste lagarbeid» skal markerast gjennom heile 2022. Lag, foreningar, frivilligsentralar, kommuner og andre samarbeidspartnarar i heile Noreg er inviterte til å delta i Frivillighetsåret 2022. Målet er å synleggjere den store samfunnsinnsatsen til frivillige, auke kjennskapet og anerkjenninga – og å få fleire med!

Året er forankra i «Frivillighetsmeldingen» (2018) og Stortinget. Det er Frivillighet Norge som har fått ansvaret for å planlegge og koordinere innsatsen. Det blir markeringar frå nord til sør, på digitale og analoge flater og i form av både fysiske og digitale arrangement. I denne avisa kan du lesa om aktivitetane og arrangementa som skjer i Ål, og bli kjend med nokre av dei frivillige heltane i bygda.

Komiteen

Ål kommune har nedsatt ein eigen komité som skal koordinere aktivitetar og arrangement i samband med Frivillighetsåret 2022.

- Karl Kristian Mørch, frivillig i Ål og Fjellet IL
- Rebecca Lofft, frivillig i m.a. Ål spel- og dansarlag
- Espen Karlsen, politiker, medlem i Sektorutval for kultur og oppvekst.
- Turid Hilde S. Gåsbakk, dagleg leiar i Ål frivilligsentral
- Magnhild Medgard Skår, folkehelsekoordinator
- Anne Nordheim, kultur- og idrettskonsulent

Signalarrangement – Frivillighetsåret 2022 i Ål

Veke 19: #samanpåtur

«Det er alltid hyggjelegare å gjera ting saman. Me veit at det å bevege seg og vera ute, spesielt når me gjer det saman med andre menneske, kan gi glede og betre helse. Samtidig veit me at dørstokkmila er lang for mange, og at ikkje alle kjenner til dei moglegheitene og tilboda som finst i nærleiken», skriv Norsk Friluftsliv om den nasjonale kampanjen #samanpåtur.

I Ål foregår #samanpåtur over ei heil veke frå 9.-15. mai. Aktivitetane er i samarbeid med ulike lag og foreningar som tilbyr ulike aktivitetar for ulike målgrupper.

Under #samanpåtur oppmodar me til å be med nokon på tur som du normalt ikkje går på tur med. Ta med naboen, ein kollega, nye Ålingar eller andre du kan tenke deg å bli litt betre kjent med!



Program #samanpåtur – veke 19

Dato	Tid	Kva:	Oppmøtestad:	Arrangør:
Mandag 9.5	18.00	Rusletur i sentrum og etterpå ein triveleg prat med Skravlekoppen.	Kulturhuset	Mental helse Ål
Tirsdag 10.5	17.00-19.00	Verdas aktivitetsdag blir feira med aktivitetar, natursti, grilling, kaffi, kake og frukt på Bråta. Aktivitetar for alle aldrar.	Bråta idrettspark, Elvelangs	LHL Ål, Samklang Turn, Mental helse Ål, Friskliv/Aktiv Ung
Tirsdag 10.5		Stolpejakten opnar for i år. Stolpejakt er ein mosjonsaktivitet som kombinerar turgåing, kultur- og opplevingar i naturen. Finn stolpar som er plassert nærmiljøet med eit kart du lastar ned frå ein app på mobilen og scann ein QR-kode på stolpen. I Ål er det Stolpejakt på Torpo, Sundre og Bergsjø.	Torpo/Sundre/Bergsjø	Torpo IL og Ål IL
Onsdag 11.5	11.00	Gåtur Elvelangs ned til Ål camping. Ta med nistepakke.	Kulturhuset	Ål frivilligsentral og Kårfolkturnar
Onsdag 11.5	18.00	Kulturvandring. Vi ruslar med guide på Sundre, i Gamlevegen, Stasjonsvegen, og besøker Ål kyrkje og stavkyrkjetomta.	Kulturhuset	Ål frivilligsentral
Torsdag 12.5	17.00	KULTur på Sundre for nye ålingar, med historikar Thor Warberg. Påmelding til frivilligsentralen 907 08 637.	Kulturhuset	Bulystteamet i Ål
Torsdag 12.5	18.00-20.00	Enkel orienteringsløype for alle, som hovudsakleg fylgjer veg/sti. Løypa ligg ute onsdag-søndag. Torsdag kl. 18.00-20.00 er Ål o-klubb tilstades. Kart/løype finst også på www.aalil.no. Startpunkt: Ved første bygget på høgre hand når ein kjem frå rv7.	Torpomoen	Ål o-klubb/Ål IL
Fredag 13.5	18.00	Rundtur frå Torget til Ulshaganatten og ned via Ulshagen.	Torget	Ål Turlag
Lørdag 14.5	10.00-16.30	Orientering på Torpomoen. Velkomen til ein laurdag med mykje o-aktivitet, sosialt fellesskap og utvikling av o-miljøa og klubbane i Hallingdal. Du treng ingen forkunnskapar for å delta. Enkle o-aktivitetar for alle. Grilling. Kom og bli kjent med nye menneske og lær deg noko nytt!	Torpomoen	O-gruppene i Nesbyen, Hemsedal, Ål og Geilo i samarbeid med Norges Orienteringsforbund
Søndag 15.5	12.00	Familietur med aktivitetar og pølsegrilling. Turen er lett å gå, aktivitetane er både for store og små.	Klubbhuset, Haddingveien 178	Ål jeger og fiskeforening



21. mai: Sundre Sykkelfestival

Sykling er stort i Ål og i vår feirar me sykkelen som framkomstmiddel!

Laurdag 21. mai samarbeider frivillige lag, kommunen, reiseliv og næringsliv i Ål om å lage ein sykkel-festival for alle. Programmet passar både born og ungdom, unge vaksne, vaksne og eldre som likar å bruke sykkelen for å koma seg ut.

Sportsbutikkane i Ål har ope sykkelverkstad og sel utstyr du treng for å halde sykkelen din vedlike. Eller kanskje du skal skaffe deg ein ny? Fleire av restaurantane tilbyr

sykkelmeny med mat som passar aktive folk på farten. Anderbarkji står for sykkelaktivitetar og kursing for born og ungdom i Topcamp Hallingdal, og Villom tilbyr guida sykkelturn.

Du kan teste sykklar frå BUA og prøve deg på rickshawsykling. All Adventure står for gratis shuttling opp til Hallingspretten og leiger ut el- og terrengsyklar. Er du av det meir kulturelle slaget, kan bli med på kultursykling rundt på Sundre. Det blir òg eit enkelt sykkeløp for dei minste i Myren, sykkelkino, sykkel-pub, rebusløp og konkurranse på «den umoglege sykkelen». Ta fram sykkelen og bli med på ein aktiv dag!

Program

Tid	Innhold	Oppmøte
10:00-15:00	Sykelstands og handel i Myren.	Myren
11:00-12:00	Barnas sykkeløp (0-10 år) i Myren.	Myren
11:00-14:00	Stand med gratis vaffer, kaffi og saft på Frivilligsentralen.	Kulturhuset
11:00-14:00	Familierebus Elvelangs. Rebusinfo fås på Frivilligsentralen. Premiar.	Kulturhuset
12:00-13:30	Kultursykling på Sundre v/Thor Warberg.	Kulturhuset
12:00-14:00	Sykkeltur og -leik med Anderbarkji i Topcamp Hallingdal.	Topcamp Hallingdal
12:00-16:00	Sykkelleie hjå All Adventure, Tanken.	Tanken
12:00-16:00	Test av sykler frå BUA.	BUA
12:00-16:00	Shuttling med All Adventure (gratis).	Tanken
13:00	Sykkeltur med Villom frå Rota mot Dyna (gratis shuttling til Rota).	Tanken
17:00	Kino for barn/ungdom: Den grønne sykkelen.	Kulturhuset
19:00	Sykkelpub og sykkelfilm på Tanken (18 års grense).	Tanken
19:30	«Den umulige sykkelen», konkurranse, utanfor Tanken.	Tanken
20:00	Quiz på Tanken.	Tanken

23. august: Fritidsmesse på Ål kulturhus

Tysdag 23. august er alle foreiningar og lag i kommunen invitert til å stå på stand og ha aktivitetar inne i og utanfor Ål Kulturhus. Dette er eit godt høve til å syne seg fram, rekruttere nye medlemmer og dele erfaringar med andre lag og organisasjonar.

Det blir stands, aktivitetar, kurs i søknadsskriving og dialogmøte mellom frivilligeita og kommunen. Vel møtt!

Bli med!

Frå fotball til lokalhistorie til trimgrupper og kunstforeining. I Ål finst det over 100 lag og foreiningar med aktivitetar for dei fleste. Her har me samla dei som kommunen har oversikt over. På fritidhallingdal.no finn du kontaktinfo til fleire av dei. Mange er også på Facebook eller har egne nettsider. Bli med!

Lag og foreiningar i Ål

Born og unge

4H nemnda i Ål
Between
Hugnad ungdomslag
Samklang ungdomslag
Samklang, 4H
Skjærgårds Live
StrÅl barnegospel
Torpo 4H
Torpo barne- og ungdomsklubb
Vatsingen 4H
Ål KFUK/KFUM speiderane
Ål Natur og Ungdom

Idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv

Anderbarkji Terrengsykkelklubb
Ballkjerringan i Sando (volleyball)
Fjellet idrettslag
Fjellet idrettslag Allidrett
Fjellet idrettslag Ski
Fjellet idrettslag Trim
Hadding skyttarlag
Hallingdal fotballklubb
Hallingdal friidrettsklubb
Hallingdal frisbeegolfklubb
Hallingdal Motocrossklubb (MXK)
Hallingdal paragliderklubb
Hallingskarvet Triathlonklubb
Krik Ål
Idrettslaget «tidsfordriv»
Liatoppen skisenter
Samklang turn
Sando Innebandy
Sando Volleyballag (herrer)
Stangfiske i Ål
Sundre Skiforening
Tennis Ål
Torpo Idrettslag
Torpo Idrettslag Allidrett
Torpo Idrettslag Fotball
Torpo Idrettslag Ski
Torpo skyttarlag
Uppheim Skyttarlag
Vats og Leveld skyttarlag
Villom ski og sykkel

Volleyball for herrer

Volleyball for ungdom
Ål idrettslag
Ål idrettslag Alpin
Ål idrettslag Fotball
Ål idrettslag Handball
Ål idrettslag Langrenn
Ål idrettslag Orientering
Ål idrettslag svømmegruppa
Ål idrettslag Taekwon-do
Ål Idrettsråd
Ål jeger og fiskeforening
Ål Klatreklubb
Ål og Torpo Fotballtrim
Ål rekkertklubb
Ål Turlag
Ål skiskytterlag
Ål Miniatyrskytterlag
Hallingdal Flyklubb
Ål MC-klubb

Helse

A-larm Hallingdal
Astma og allergiforbund Hallingdal lokallag
Foreninga for muskelsjuka
LHL Ål
Mental helse
Øvre Buskerud Parkinsonforening
Ål Handikaplag
Hørselshemmedes landsforbund Hol og Ål

Velforeiningar og grendeutval

Bakken velforening
Baklivegen vel
Fetjastølsvegen velforening
Granhagen vel
Hago Velforening
Nyhusmoen velforening
Sundre Vel
Torpo Vel
Votndalen grendeutval

Kunst og kultur

B-Karad'n
Fryd Scene

Hallingdal Juniorspelemannslag

Hallingdal Jægersextett/Oktett
Hallingdal Låtelag
Den norske folkemusikkveka
Kor for oss
Hallingdal Musikkforum
Hallingdal juniorspelemannslag
Hallingdal Toraderlag
Snøgg i Snudnan
Sundreball
Torpo Musikkorps
Ål kantori
Ål koret
Ål musikk-korps
Ål musikkråd
Ål spel - og dansarlag
Buskerud Teater
Hallingdal Dansekompani
Hallingdal Swingklubb
Leveld Teaterlag
Leveld Kunstnartun
Sjældri Fotoklubb
Venelaget til Ål Kulturhus
Ål kunstforening
Ål museumsag

Lokal kultur og historie

Kårstugu
Leveld bygdekvinneag
Leveld kvinneforening
Nigardsstugu aktivitetshus
Prestegården kvinneforening
Torpo bygdekvinneag
Votndalen bygdekvinneag
Ål bygdearkiv
Ål bygdekvinneag
Ål eldrelag
Ål historielag
Ål husflidslag
Ål treskjerarlag
Ål og Hol mållag
Ål kyrkjeakademi
Ål senioruniversitet

Sosialt arbeid for andre

Deaf Aid Insinya
Deaf Aid Insinya Bruktbutikk

Småjobbsentralen i Ål

Ungdommens Røde kors
Vats Røde kors hjelpekorps
Venner av Hallingdal Sjukestugu
Ål Frivilligsentral
Ål Rotary
Ål Røde kors
Ål Røde kors hjelpekorps
Ål Lions

Dyr og fritid

Geysir islandshestforening
Hallingen Hestesportsklubb
Søk Redning Søkshund (RSR-gruppen)
Hallingdal hundeklubb

Interesseorganisasjonar

Hallingdal forsvarslag
NLF- Nye Landsmenn forbund Hallingdal
Øvre Hallingdal steinklubb
Ål fråhaldslag

Løype- og stibyggarlag

Heimstølvovda Løypelag
Liatoppen og Votndalsåsen løypelag
Sangefjell skiløypelag
Torpo Skiløypelag
Vats løypelag
Veståsen løypenemnd
Øvre-Ål og Kvinnegardslia løypenemnd
Ål stibyggarlag AS

Livsynsorganisasjonar

Kilden menighet
Pinsekirken HÅP i Hallingdal
Torpo Normisjon
Tro og Lys
Vårvon indremisjon
Ål diakonemnd
Ål israelsmisjon
Human-Etisk forbund Hallingdal
Ål sundagsskulelag
Ål Normisjon



Dugnadsarbeid verdt millionar

Laurdag 10. september er det endeleg klart for den offisielle opninga av Elvelangs. Kva passar vel betre i eit år der frivilligeita skal hyllast, enn å feire det største dugnadsprosjektet i Ål i nyare tid?

Storstilt prosjekt

Den fire km lange turstigen langs Hallingdalselva stod ferdig i 2021, og er allereie eit ynda og mykje brukt tur- og rekreasjonsområde for fastbuande og tilreisande. Initiativet til prosjektet kom frå Ål idrettslag, som eig og driftar Ål idrettspark på Bråta.

Dei har bidrege med utrulege 15 000 dugnadstimar til ein estimert verdi av rundt 5 millionar kroner. I tillegg er det henta inn 12 millionar frå ulike tilskotsordningar. Ål kommune har bidrege med 8,5 millionar og private aktørar, som til dømes Hallingdal Feriepark, har bidrege med store kostnader til bru og gangveg.

Samskaping

For lokalsamfunnet Ål er Elvelangs eit bevis på at ein med samskaping kan få til det utrulege.

«Ord kan ikkje beskrive kor viktig denne turstigen er, og kva den betyr for Ål-samfunnet, for folk i alle aldrar, for tilreisande og trimmarar på alle nivå! Dette er Kommune 3.0 på sitt beste, og det er så utruleg stas å vera vitne til det løftet som samarbeidet mellom bl.a. Ål idrettslag, sponsorar, næringsliv, grunneigarar, frivillige, lag og organisasjonar, Hallingdal kraftnett, skular, helsevesen, Viken fylkeskommune, Statens vegvesen, folk frå både drift- og utviklingsavdelinga i Ål kommune, Lions Ål, Ål Rotary har bidratt til med smått og stort, for å realisere Elvelangs i Ål!» uttalar ordførar Solveig Vestenfor.

Og meir skal det bli

Sjølv om turstigen er ferdigstilt, kjem det stadig nye element rundt og ved Elvelangs.

Det eine er gapahuken på Bankplassen ved Bråta, som blir eit flott turmål for bebuarar på Ål sjukestugu. I idrettsparken kjem det også ny friidrettsbane. Ved Oppsjø vasspark kjem det toalettbygg, BUA-filial (med utstyr til vassaktivitetar), dagsturhytte og badstove.

Elvelangs har dessutan skapt grobotn for nye samskappingsprosjekt andre plassar. Ål idrettslag, grunneigarar og kommunen jobbar no med ein turveg frå Kleivi til Breie. Den vil binde saman turvegen langs Strandafjorden med gangvegen langs RV7. Strandafjorden rundt blir eit flott tilskot til Elvelangs!

10. september: Offisiell opning av Elvelangs

Program: Kl. 12.00 – Offisiell opning av Elvelangs med snorklypping ved klubbhuset i Ål idrettspark. Taler og kulturinnslag.

Lag og foreiningar står for aktivitetar ved dei ulike arenaene langs turstigen, mellom Oppsjø vasspark og Topcamp Hallingdal.

Kl. 13.00 – Gratis servering, leikeland og aktivitetar for born i Topcamp Hallingdal.

Inngang kr 150 til Høyt & Lavt Hallingdal klatrepark heile dagen. Underhaldning frå scena i Topcamp Hallingdal.

Detaljert program for dagen kjem etter sumaren.

Godt brukt på Sundre

«Treng du hjelp?» I Bergobygget på Sundre hadde Marit B. Kolstadbråten netta starta butikk eit par timar i veka. Her selte ho unna brukte skattar, mest sine eigne. Året var 2011 og målet var å skaffe ei ekstra inntektskjelde til bistandsorganisasjonen for døve born som ho dreiv i Kenya.



No stod altså Randi Kvælperud Moen på døra. «Treng du hjelp?» Frå den dagen fekk Marit fast, frivillig butikkhjelp. Ikkje lenge etterpå kom Ingrid Medgard Ådnegard med på laget, og i dag er ho og Randi «butikksjefar» og primus motor for bruktbuikken Deaf Aid Isinya i Sundrevegen. Men dei er på ingen måter aleine. Tjue damer i sin beste alder hjelper til, dei fleste på fast basis. Og ein mann.

«Me skulle gjerne hatt med eit par karar til», ler dei. «Det er jo ein del tunge løft når ein driv med bruksall!»

Bruktbutikken er i dag organisert som ei eiga undergruppe av Deaf Aid Isinya. Alt overskot frå butikken går

til prosjektet, og innteninga her dekkar om lag 50% av kostnadene til organisasjonen.

«Bruktbutikken er heilt uvurderleg for prosjektet. Innsatsen til Ingrid, Randi og dei andre er fantastisk. Eg er så imponert over eigarskapet dei tek og kor profesjonelt dei gjer det», seier ein entusiastisk Marit Kolstadbråten. Ho kan ikkje få rost dei frivillige hjelperane nok, og fortel om lange dagar og stort ansvar.

I 2021 flytta butikken inn i nye, store lokaler. No har butikken i større grad ulike avdelingar, og stadig skiftande, lekke utstillingar i vindauga og inne. Butikkdamene brukar mykje tid på lage utstillingar og på nett, både for å marknadsføre nyinnkomne varer og for å skaffe informasjon om prisar og historie. Dette er kanskje frivillig arbeid, men her leikar dei ikkje butikk.

«Eg opplever at bruktbuikken har vorte ein institusjon i Ål», seier Marit. «Den har både ein sosial funksjon og er ein attraksjon. Mange av kundane kjem langvegsfrå eller er hytte-Hallingar. Og dei frivillige kjem stadig innom for ein kaffikopp eller ein prat, sjølv om dei ikkje skal på «jobb». Det har vorte eit godt sosialt miljø her for dei som er med».

Deaf Aid Isinya er ein av to bruktbuikkar på Sundre. «Samarbeidet med Galleri Normisjon er godt! Me fører litt ulike varer, og sender ofte kundar mellom oss», fortel Ingrid.

Varer er det i alle fall nok av. «Me set stor pris på alle som leverer til oss», seier Randi. «Det beste med denne butikken er jo at me ved å jobbe her kan hjelpe andre, og at me ser at pengane går direkte til drifta».

Ål frivilligsentral og ungdomsfrivilligsentral

Frivillighetsåret

2022

Frivilligsentralen skal koordinere og vidareutvikle frivillig arbeid slik at menneske i Ål kan bidra med frivillig innsats, enten gjennom frivilligsentralen sitt arbeid eller ved å koble på andre lag og organisasjonar som driv frivillig arbeid. Sentralen skal vere eit tilbod til alle innbyggjarane i Ål kommune der ein blir stimulert og motivert til eit meningsfullt liv ved å hjelpe eller ta imot hjelp, og vere ein del av eit større fellesskap.

Under Ål frivilligsentral ligg Ungdomsfrivilligsentralen. Den skal arbeide spesielt opp mot born og ungdom sin fritid. Den skal bidra til at born og unge er med i organisert aktivitet, men og skape eigne møteplassar. Ungdomsfrivilligsentralen drifrar Hallung ungdomsklubb og har ansvar for BUA Ål utstyrssentral.

Frivilligsentralen skal vere eit treffpunkt for nye og gamle grupperingar som ynskjer å kome saman og setje idear ut i livet. Me tilbyr gratis møterom for lag og organisasjonar. Frivilligsentralen deltek i bulystteamet med fokus på inkludering og møteplassar for nye ålingar, og har ansvar for å arrangere velkomsttreff og aktivitetar.

Ynskjer du å bli frivillig eller delta i aktivitetar, finne arrangement eller kontakte oss, då finn du kontaktinfo her: www.aal.frivilligsentral.no



Bua Ål Utstyrssentral

BUA Ål er ein gratis utlånssentral som er lokalisert i underetasjen i Ål kulturhus. Her finn du sports- og fritidsutstyr som du kan låne gratis i inntil ei veke. Alt du treng er eit lånekort frå biblioteket. På BUA er det alltid «fyrste mann til mølla»! Det er ikkje høve til å reservere utstyr på førehand.

BUA Ål har fått midlar frå Gjensidigestiftelsen til utstyr til ein ny filial ved Oppsjø Vasspark som blir opna i løpet av sumaren 2022. Her blir det våtdrakter, flytevestar og liknande til ulike vassaktivitetar.

Opningstider BUA: Tysdagar og torsdagar kl. 15.00-18.00





Sundre i hundre!

Hausten 2019, etter eit ope folkemøte på Sundrehall, vart bebuarar i sentrum i Ål einige om å vekke til live at velforeininga Sundre vel. På Torpo hadde ein nyleg gjort det same, og kommuna stilte med workshophjelp, gode råd og oppstartsstøtte. På tide å make Sundre great again!

Åtti engasjerte ålingar (fastbuande og hyttebuarar) møtte opp. Velforeininga vart formelt stifta vinteren 2020. Til tross for oppstart i pandemitid dukka det raskt opp nye initiativ: Ei gruppe starta arbeidet med vegg-måleri, ei anna etablerte «Sundrepub». Benkar kom opp langs Sundrevegen og ein byrja å kartlegge parkeringsmønster i sentrum, i samarbeid med handelsnæringa.

I dag er Torpo og Sundre vel etablerte samarbeidspartnarar til kommuna i saker som handlar om stadsutvikling, bustader og møteplassar. Også i Nordbygdene er ein i ferd med å etablere eit vel. På Sundre jobbar velforeininga både med aktivitetspark for unge, sosiale møteplassar og ungdomsklubb.

Undergrupper

Camilla Svanaasen Joranger er leiar i Sundre vel. Ho trur den største årsaka til at velet har vorte ein suksess, er at det frå start var fleire som engasjerte seg enn berre styret. «Undergruppene har betydd mykje og sørga for stadig utskifting og ny næring. Der skjer mykje av aktiviteten, og det å dele arbeidet på fleire er alltid positivt», seier ho.

Ho meiner også at dei har hatt ei god balanse mellom langsiktige prosjekt og enklare, raskare tiltak. «Folk må sjå at det skjer noko!» Camilla legg imidlertid ikkje skjul på at det er mykje arbeid. Styret har møte kvar månad,

og mellom møta er det søknader som skal skrivast og mange samtaler med samarbeidsaktørar.

«Som leiar er det difor viktig å legge opp til at det skal vere gøy! Alle skal få drive med noko dei tykkjer er kjekt. Her har undergruppene vore geniale, for på den måten kan folk engasjere seg i det dei er mest opptekne av».

Sundre i dei neste hundre

Akkurat no er styret i Sundre vel tungt inne i prosjektet «Sundre i dei neste hundre» saman med Ål kommune og Ål utvikling. Her ser ein på små og store, raske og meir langsiktige, tiltak som kan forbetre sentrum.

«For vår del er eit mål med prosjektet å synleggjere alt det positive som allereie finst», seier Camilla. «Det er jo så mykje! Noko treng berre litt næring for at det skal blomstre».



Alle foto: Bernt Ivar Bergum

Lar det swinge

Elisabeth Mork flytta til Ål hausten 2021 etter sju år på Gol. Både ho og sambuar Kristoffer jobbar her i bygda. Då dei i tillegg fann eit hus dei likte var det eit enkelt val. Men det vog også tungt at dei såg på Ål som ein plass med mykje engasjement og ein sterk bygdekultur.

«Det var rett og slett ei kjensle av at på Ål skjedde det litt meir, at her var det eit lokalsamfunn ein kunne engasjere seg i og bli ein del av», seier Elisabeth.

Dessutan var det i Ål dei to hadde møttest. Elisabeth, som opprinneleg er frå Nordmøre, kom til dalen for å jobbe i barnevernstenesta etter å ha studert i Oslo. Kristoffer er frå Vestlandet. Dei fann kvarandre på dansegolvet under folkemusikkveka.

Musikk- og dansemiljøet er ein viktig årsak til at dei no kallar Ål for heime. Då ho budde på Gol vart Elisabeth med i Ål spel og dansarlag, seinare også i Snøgg i Snudnan. I dag er ho med i styret i det nyoppstarta Hallingdal toraderlag.

Ho og Kristoffer er begge ivrige swingdansarar og har lang fartstid både i foreiningar og som kurshaldarar. Annankvar torsdag kl. 19 inviterer dei «unge vaksne» ålingar til å danse swing i Veslefeten i Ål kulturhus. Tilbodet

er heilt gratis og uforpliktande, ein kan berre møte opp.

«Fokuset er på danseglede og på å gjere vegen ut på dansegulvet kortare, enten det er på SundreBall, Folkemusikkveka eller andre bygdefestar. Her er det låge skuldre og ingen krav til å kunne danse frå før. Du treng heller ikkje koma med ein partner. Me kjem til å bytte på å danse med kvarandre, og eg og Kristoffer gir instruksjon til dei som vil og ynskjer det», forklarar Elisabeth.

Nyleg har ho også engasjert seg i styret i Sundre vel. Ho seier at det å bli med som frivillig er ein måte å bidra til at tilboda ho ynskjer seg, skal finnast.

«Det er også ein god måte å bli kjent med folk og lokalsamfunnet på», seier ho. Til andre som kjem tilflyttande, rådar ho å vere litt aktivt spørrende til kva kollegaer, naboar og bekjente driv med.

«Følg med i Hallingdølen og på Facebook. Viss du blir invitert til velkomsttreff eller andre aktivitetar, så møt opp! Frivilligsentralen er også ein god plass å forhøre seg om kva som finst av tilbod i bygda.»

Swingkveld skjer annankvar torsdag fom 28.04.2022 på Ål Kulturhus (Veslefeten).



Foto: Knut Uther

Takk!

Ål er arrangementsbygda i Hallingdal.

I løpet av året foregår det ei rekke store festivalar og idrettsarrangement i kommunen. Hit kjem tusenvis av unge idrettsutøvarar, terrengsyklarar i verdensklasse, internasjonale folkemusikarar og kjende og kjære, norske artistar.

Felles for alle arrangementa er at dei bygger på hundrevis av dugnadstimar og stor frivillig innsats. Så takk! Takk for alt de gjer for bygda, for bulyst og blilyst, for unge og eldre, fastbuande og tilreisande.



Foto: Vegard Breie



Foto: Knut Utler



Foto: Vegard Breie



Foto: Vegard Breie

Arrangement i Ål 2022:

- Ice Music Festival Norway
- World Cup Telemark
- BAMA Alpinfestival
- Hovedlandsrenn 2022 Alpin
- BAMA Liatoppen Skiskytterfestival
- Hallingspretten
- Sundreball Musikkfestival
- Folkemusikkveka
- Låveopera på Sehl
- Ål Cup Fotball
- Huckfest Bike Festival
- Knøtte-cup på Torpo
- Storhelg i Hallingdal
- Gullhagen julecup



Foto: Vegard Breie